



Rune Samuelson

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1179 - 17/24557

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

01.09.2017

Svar på førespurnad - gbnr 113/18 Sjurset

Viser til din e-post datert 10.08.2017.

I e-posten stiller du spørsmål om kvifor søknad om bygging av tilkomstveg ikkje har vore handsama på over 6 år.

Saka har av ulike årsaker vorte liggande utan handsaming. Dette skuldast manglande kapasitet for oppfølging frå kommunen, samt at saka har lagt på vent i påvente av at eit ansvarleg føretak skulle sende inn søknaden. Det er uheldig at saker vert liggjande så lenge utan handsaming.

Vurdering av kva tiltak som ligg i tiltaksklasse 1 følgjer av byggesaksforskrifta (SAK) kap. 9. Her er lenke til forskriften: <https://dibk.no/byggeregler/sak/3/9/innledning/>

Tiltak som typisk ligg i tiltaksklasse 1 er t.d. einestader, fritidsbustader, garasjar/uthus over 70 m². Vurdering av tiltaksklasse vil kunne vera ulik for ulike ansvarsrområder.

I hovudsak er det ansvarleg søkjar sitt ansvar å leggja fram forslag til tiltaksklasse. Kommunen kan overprøve dette der ein meiner at ansvarleg søkjar sitt forslag er feil.

Godkjenning av sjølvbygger er for dei tilfella der det er krav om ansvarleg føretak, men det som skal byggast ligg innanfor det som tiltakshavar sjølv kan stå som ansvarleg for. For meir informasjon om sjølvbygger viser vi til byggesaksforskriften § 6-8.

Kva som er eit «mindre tiltak» går fram av byggesaksforskriften § 3-1. Dette vil vera tiltak som ikkje krev ansvarsrett, men som tiltakshavar sjølv kan søka om. Han vert då ikkje godkjent som sjølvbygger etter reglane i § 6-8.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 20-4 bokstav e, at «andre mindre tiltak som etter kommunen sitt skjønn kan forestås av tiltakshavar». Dette vert ein vurdering i den einkilde sak. Døme på tiltak som kan vera omfatta her, er mindre flytebrygger og kaiar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Samuelsen